

Tambarskjelvar IL – Styremøte 6/2018

Til stades: Anne Marit, Karianne, Jørn, Stig, Eigil, Merete, Siss-May

Innleiingsvis runde rundt bordet med fokus på aktivitet og planar framover:

Vektløftargruppa v/Jørn: Treningsrommet vert flittig brukt. Ingen herre-senior som er aktive, 2 dame-senior er aktive. Vi har ei stor gruppe Tambar-atletar i Oslo. Skal delta på NM 5 kamp i Larvik. Bussen står mykje på verkstad, vurderer om denne skal byttast ut. Nøkkelprikkar må på plass! Ynskjer å lage ein handlingsplan for Vektløftargruppa, ma i høve godgjersle av styremedlemmar/trenarar. Vektløftarskulen tek til etter haustferien. Vektløfting for jenter v/Sandra. Valfag på skulen 8 og 9 kl. Arrangement: KM, Julestemne, Vestlandsmeisterskap i januar.

Triatlongruppa v/Stig: Felles utetreningar tysdag. Ynskjer å starte opp att med spinning på kommunehuset ila hausten. Ynskjer meir fokus på løp og svømming. Skal vi søkje om NM? Fellestrening laurdag kl 10 på bana – vurdere om dette skal annonserast? God medlemsmasse og deltaking på treningar.

Barneidrett/Idrettsskulen v/Egil: Prøver å få til turn i årshjulet v/Førde turn etter jul. Førstehjelpskurs 1. måndag etter haustferien i hallen. Manglar på utstyr i hallen - Eigil deler lista med styret.

Trimgruppa v/Merete: Basisball onsdag kl 20 er starta opp att, trening måndag og torsdag. 4 trenarar rullerar. Superlaurdag 20.oktober.

Diverse som kom opp undervegs:

Førstehjelpsutstyr i hallen – er det noko vi skal stille med eller skal kvar gruppe sørge for seg?

Kurs hjartestarter må vi ha igjen.

Basisutstyr i hallen.

Klubbkveldar m/Din Sport – gjerne i Førde?

Brukarretteiing MinIdrett på Tambar si heimesida.

Nøklar til Hallen, få til ei god ordning på dette.

Husleige Naustdalshallen og Vektløftarhallen.

Oppdatere www.tambarskjelvar.no, m.a. historikk!

Hovudlaget lagar seg Facebookside. Leiarane i kvar gruppe vert lagt inn og kan publisere her!

Styresak	Orientering	Vedtak
<p>26/2018 (frå førre styremøte 5/2018)</p>	<p>Naustdal kommune vil starte opp att Ungdomsrådet Ungdomsrådet er samansett av 7 representantar med vara, 13-21 år, busett eller heimehøyrande i Naustdal. Elevrådet skal ha 4 representantar med vara. Tambarskjelvar IL vel 1 representant med vara, i alderen 16-21 år. 2 representantar med vara frå politiske ungdomsorganisasjonar, andre lag/org., alder 16-21 år.</p>	<p>Styret ber gruppene om å finne ein representant med vara. Styret ynskjer tilbakemelding før skulestart hausten 2018.</p> <p><i>02.09.2018: Styret ber om tilbakemelding om gruppene har medlemmar i denne alderen, og om nokon ev er interessert i å delta i Ungdomsrådet. Styret tenkjer det er ein viktig arena for Tambarskjelvar.</i></p>
<p>28/2018 (frå førre styremøte 5/2018)</p>	<p>Hallstyret Per no har vi ikkje fulltallig Hallstyre. Vi manglar leiar frå styret og ein representant frå Tambarskjelvar.</p>	<p>Styret ber gruppene bidra til å finne eigna person som kan tenkje seg å lede Hallstyret. Arbeidet vert kompensert etter nærmare avtale.</p> <p>Vi treng og ein person til erstatning for Kari Stokkebekk (som m.a. har hatt ansvaret for Hallvaktene på kveldstid).</p> <p>Alle må engasjere seg i å finne nye vakter kveldstid!</p>
<p>29/2018 (frå førre styremøte 5/2018)</p>	<p>Sunnfjord Triatlon Styret meiner at Triatlongruppa må ta over arrangementet på sikt. Ev. som eit samarbeid mellom fleire av gruppene. Vi ynskjer å utarbeide ein manual for arrangementet.</p> <p>Kan vi skape meir liv på Sanden under arrangementet?</p> <p>Festen i teltet på kveldstid Styret vurderer å sette vekk festen på kveldstid til andre, ev betale ei gruppe/lag/organisasjon for å drifte festen.</p>	<p>Eige drøftingsmøte om dette hausten 2018.</p> <p>Gruppene må gjerne kom med forslag til aktivitetar (oppvisning, musikk, publikumskonkurransar).</p> <p>Vi tek gjerne imot innspel på dette forslaget!</p>

<p>30/2018</p>	<p>Treningstider i Hallen Innspel til endringar av treningstider, m.a. frå Trimgruppa. Sjå vedlegg plan pr no.</p>	<p>Ber om at de melder tilbake ev endringar av behov.</p> <p>Pr no er fotballen ein stor leigetakar, og vi ber fotballen vurdere behovet. Det er andre leigetakarar som vil inn.</p>
<p>31/2018</p>	<p>Status budsjett/økonomi pr august 2018 Sjå 3 stk vedlegg.</p>	<p>Både Sunnfjord Triatlon og Triatlonfesten gjekk med bra overskot – bra jobba!</p>
<p>32/2018</p>	<p>Søknad om tilskot – Øyra/Løken nærmiljøanlegg Anlegget vert nytta til ulike aktivitetar i regi av grupper i idrettslaget. Difor søker vi på nytt om tilskot. Denne gongen på 5000 kr, sjå vedlegg.</p>	<p>Søknaden vart innvilga med kr. 5000,-</p>
<p>33/2018</p>	<p>Fordeling av lokale aktivitetsmidlar for 2018 Idrettsforbundet ber Tambarskjelvar IL vere ansvarleg for fordeling av dei lokale aktivitetsmidlane for 2018. Beløpet til fordeling er kr. 213.791,-. Dei 3 siste åra har fordelinga vore 10.000,- til Naustdal KRK, 10.000,- til Vevring Tae Kwon Do Klubb og resten til Tambarskjelvar IL.</p>	<p>Styret har vedteke følgjande fordeling basert på medlemstal: Naustdal køyre- og rideklubb kr. 10.000,- Vevring Tae Kwon Do Klubb kr. 15.000,- Tambarskjelvar IL kr. 188.791,-</p>

Tambarskjelvar Idrettslag v/Siss May Edvardsen
 Bekkevegen og Reinene Velforeining v/Kurt Magne Hellenes
 Ospeteigen grendalag v/Kenneth Aven
 Løken Vel v/Hans Børge Lillehaug
 Sameige Løkentunet v/Magni Håland Hommedal

Gjeld tilskot/kontingent 2018

Då Øyra Løken nærmiljøanlegg vart skipa i 2014 var alle grendalaga i byggefelta aust for Nausta med som medlemmer: Stavadalen, Øyrahauken, Øyra/Løken (seinare Bekkevegen og Reinene Velforeining), Ospeteigen, Løken Vel og Sameige Løkentunet. Dei to siste åra er det berre Ospeteigen, Løken og Bekkvegen og Reinene som har betalt inn kontingent/tilskot og vore med i styret. Sameige Løkentunet har vore med styret. Dei andre har ikkje betalt eller vore med i styret. I tillegg til grendalaga er Tambarsjelvar IL representert i styret og Naustdal kommune. Tambarskjelvar gav i 2017 eit tilskot på 5000 kr.

Vi treng at alle er aktivt med for å gjere ferdig anlegget, og for å utvikle det vidare. Difor ber vi om at laga som ikkje har vore aktive, avklare om dei vil halde fram med å vere medlemmer og yte ein liten skjerv til drifta og utviklinga. Dei konkrete planane er å få ferdig turnbassenget, sette opp frisbee-korger med utkastramper og å bygge ballbane med kunstgras. Alle tiltaka vil få spelemidlar (50 % av kostnadene).

For 2018 vedtok årsmøtet eit budsjett der det vert rekna med at medlemmene medverkar med 10.000 kr. I tillegg vart det rekna med 10.000 i ei kronerulling. Vi har fordelt 10.000 kr på dei som har vore med i styret og/eller ytt tilskot dei siste åra.

Summane er:

Bekkevegen og Reinene Velforeining	1500,- kr
Ospeteigen grendalag	1200,- kr
Løken Velforeining	1150,- kr
Løkentunet Sameige	1150,- kr
Tilsaman	5000,- kr.

Kontigenten er rekna ut etter om lag husstandar i dei ulike laga.

Tambarskjelvar Idrettslag har representant i styret og anlegget vert nytta til ulike aktivitetar i regi av grupper i idrettslaget. Difor søker vi på nytt om tilskot. Denne gongen på 5000 kr. Vi legg ved vedteke budsjett og arbeidsplan for 2018. Sameleis årsmelding og rekneskap for 2017 og referat frå årsmøte i 2018. For utbygging av anleggseiningar med spelemidlar er det eigne rekneskap som vert ført av kommunen. Vi ber om innbetaling til konto 3705.06.51623.

Med helsing

Øyra Løken Nærmiljøanlegg v/ Åsmund Berthelsen (leiar i styret).